



EUB LTD  
Nedre Eikanger 21  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1030 - 17/4772

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
10.03.2017

## Godkjenning - GBNR 23/527 - Løyve til oppføring av garasje

**Administrativt vedtak. Saknr: 66/2017**

**Tiltakshavar:** Harald Norheim  
**Ansvarleg søkjar:** EUB ltd v/Dag Eivind Hagesæter  
**Søknadstype:** Søknad om endring løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Saka gjeld søknad endring av løyve til oppføring av frittstående garasje på gbnr 23/527 i Meland kommune. Av opplysningane i søknaden går det fram at garasjen har ein samla BRA på 73 m<sup>2</sup> og BYA på 53 m<sup>2</sup>.

Løyve til oppføring av einebustad på eigedomen blei gitt ved vedtak av 8.4.2015, arkivsakid 14/4267. Oppføring av garasje blei godkjent gjennom vedtak av 8.4.2015, DS-89/2015, og føreliggjande søknad gjeld endring av sistnemnde løyve.

Det blir vist til søknad med vedlegg journalført 6.3.2017 for nærare opplysningar om utforming og plassering av tiltaket.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla 10.2.17 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje motteke merknadar frå nokre av dei varsla partane. Tiltaket blir etter dette rekna som tilstrekkeleg varsla, jf pbl § 21-3.

#### Lov- og plangrunnlag:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Eigedomen er vist som «noverande bustadområde» i gjeldande kommuneplan (KPA). Eigedomen er uregulert. For avklaring av alle naudsynte dispensasjonar og løyve til deling av eigedomen blir det vist til administrative vedtak i sak 14/4267 og 14/3581. Saka er avklart i høve til plangrunnlaget og krev ikkje ytterlegare dispensasjonar. Det omsøkte tiltak blir vurdert å vere i samsvar med aktuelle planføresegner og dei føresetnader som går fram av vurderinga knytt til nemnde dispensasjonsvedtak.

#### Utforming, utsjånad, plassering, høgde og avstand til nabogrenser:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonsplan motteke 6.3.2017. Tiltaket skal i tillegg utformast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke same dato.

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar krava i plan- og bygningslova til utforming, funksjon og utsjånad, jf pbl §§ 29-1 – 29-2. Tiltaket blir vidare vurdert å vere i samsvar med gjeldande krav til plassering, høgde og avstand frå naboeigedomar og omliggjande byggverk, jf pbl § 29-4 og dei rammar som elles er sett for tiltaket i KPA.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 løyve til oppføring av garasje på gbnr 23/527, jf søknad journalført 6.3.2017.

Plasseringa av tiltaket skal vere som vist på vedlagt situasjonsplan journalført motteke 6.3.17 og med eit toleransekrav i horisontalt plan på +/- 50 cm. For utforming av tiltaket elles blir det vist til vurderinga over og vedlagte plan- og fasadeteikningar motteke 6.3.17.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Fo godkjenning av ansvarsrettar blir vist til vedtak i sak med arkivsakid 14/4267.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i meir enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart og teikningar

**Kopi til:**

Dag Eivind Hagesæter

Øvre Kråkenes 66 5152

BØNES